

Søknad om tilskot til kulturarbeid

- rettleiing -

Søknadsskjemaet bygger på nasjonale Retningslinjer for tildeling av kommunale kulturmidlar, og alle støtteordningar som er skisserte er ikkje aktuelle i Bokn kommune. Pga. enkelte tilretteleggingar for Bokn kommune, vil også skjemaet veksla mellom nynorsk og bokmål.

Skjemaet er stort sett sjølvforklarande, men det er greit å merka seg fylgjande:

- Under **Søknaden gjeld** skal det kryssast av for det første alternativet, Driftstilskot - Søknadsfrist 15. april. Dersom laget i tillegg skal søka om tilskot til spesielle tiltak (kr. 10.000 - §7 i Bokn kommune sine retningslinjer), skal det også kryssast av på det siste alternativet, Tilskot til spesielle tiltak.
- Under **Medlemsmassen** får ein etter utfylling fram summen for samla medlemstal ved å trykka på Beregn.
- Under **Søknadssum** kan ein etter trykking på Legg til/endre søknadssum, om ynskjeleg leggja inn info om søknaden. Dersom det under **Søknaden gjeld** blei kryssa av for Tilskot til spesielle tiltak, vil dette koma til syne på denne sida. Her fører ein opp inntil kr. 10.000 i søknadssum og skriv søknaden inn under Nærmere beskrivelse.
- Under **Driftsøkonomi** får ein fram tala i dei grå rutene ved å trykka Beregn etter at tala over er fylte inn.
- **Kurs** skal ein hoppa over, då dette ikkje gjeld for denne søknaden.
- Etter å ha lasta opp rekneskap, budsjett og medlemsliste pr. 01.01 under **Vedlegg**, kan du også lasta opp andre ting som ein meiner er relevant for søknaden. Vedlegga kan også sendast pr. papirpost viss det er lettare.
- Skjemaet er klart for innsending når alt er rett utfyllt, og ein skal då trykka **Send inn** nedst på sida. Då får du ei stadfesting på at skjemaet er innsendt og eit referansenummer. Ei pdf-fil gir deg høve til å lasta ned og lagra søknaden. Det kjem også kvitteringstilbod tilsendt på e-post.

Spørsmål om utfyllinga? Kontakt Jardar på kulturkontoret, 52 75 25 08 –
jardar.havikbotn@bokn.kommune.no